



Fylkesmannen i Telemark

SELJORD KOMMUNE
TEKNISK AVDELING AVLØP
Brøløsvegen 13 A
3840 Seljord

Skien, 20. august 2018

Dykkar ref.:
Tor- Aage Dale, vikar avd.ing.

Vår ref.(oppgi ved svar):
2018/1231
Sakshandsamar:
Gunnar Djuvik, senioringeniør

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved Seljord avløpsreinseanlegg Kontrollnummer: 2018.027.I.FMTE

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Tor- Aage Dale, vikar avd.ing.

Frå Fylkesmannen i Telemark:

Gunnar Djuvik, senioringeniør

Andre deltakarar frå verksemda:

Frid Berge, kommunalsjef

Kåre Groven, teknisk sjef

Per Even Edvardsen, driftsoperatør ra

*Andre deltakarar frå Fylkesmannen i
Telemark:*

Ingvar Oland, underdirektør

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Seljord avløpsreinseanlegg den 12. april 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Telemark avdekkja 3 avvik og ga 1 merknad(er) under inspeksjonen.

Avvik:

- Driftsoppfølginga av avløpsanlegget har manglar.
- Krav til reinseeffekt vert ikkje stetta.
- Internkontrollen har manglar.

Merknader:

- Det er trong for tiltak for å sikre at det ikkje vert slept ut plastelement/biofilmmedie frå biotrinnet ved drifta av reinseanlegget.

Avvik og merknader er nærare omtalt frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

20. august 2018	Gunnar Djuvik, senioringeniør	Ingvar Oland
dato	kontrollør	underdirektør

Fylkesmannen i Telemark

1. Informasjon om den kontrollerte virksomheten

Ansvarleg eining

Namn: SELJORD KOMMUNE TEKNISK AVDELING AVLØP	
Organisasjonsnr.: 988750484	Eigd av: 974641011
Bransjenr. (NACE-kode): 37.000 - Oppsamling og behandling av avløpsvann	

Kontrollert eining

Namn: Seljord avløpsreinsanlegg	Anleggsnr.: 0828.0010.01
Kommune: Seljord	Fylke: Telemark
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -reinsing	
Løyve gitt: 28.11.2005	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vert gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsatt i eller i medhald av forureiningslova vert overholdt. Inspeksjonen vart gjort i oppfølginga av tidlegare revisjon i 2015.

Tilsynet vart gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Utslipp til vann
- Prosess og rensutstyr

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen og gir inga full vurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ta i vare ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også gå inn her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Oppfølging frå Fylkesmannen:

Avvika som er omtalt i denne rapporten frå tilsynet 12.04.2018 er ei vidareføring av dei mest prioriterte avvika frå førre tilsyn. Sjå vårt brev av 09.05.2017, med kommentarar til førre avvik 1c, 2b og 3a som gjeld høvesvis miljørisikoanalyse, oppfølging av dei

viktigaste problemområda på leidningsnettet og måling av overløpsmengd i og ved reinseanlegget.

For dei andre avvika i førre tilsyn, dvs. 1a, 1b, 2a, 2c, 3b, 3c, 4 samt merknad 1 og 2, gjeld at desse ikkje vert fulgt vidare opp frå vår side no. Vår sak 2015/1920 om tilsynet/revisjon i 2015 vert såleis avslutta.

Oppfølging frå verksemda:

Seljord kommune pliktar å rette opp dei avvik som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må Seljord kommune **innan 1. januar 2019** sende ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta.

Vi ber om at svarbrevet eller e-post (fmtepost@fylkesmannen.no) vert stilt til Fylkesmannen i Telemark v/Gunnar Djuvik, senioringeniør.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til varsel og informasjon om gebyrplikt som vart gjeve til verksemda den 12. april 2018. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i forurensningsforskriften. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forurensningsforskriften §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av medgått og forventa ressursbruk skal Seljord kommune betale eit gebyr på kr 22 800,- for inspeksjonen, jf. forurensningsforskriften §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn som varer inntil ein dag. Verksemda vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forurensningsforskriftens kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan ein klage på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeve og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Telemark. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsettande verknad, og ein må betale gebyret som er fastsett ovanfor. Dersom Miljødirektoratet tek klaga til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Telemark (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fant følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Driftsoppfølginga av avløpsanlegget har manglar.

Avvik frå:

- Internkontrollforskriften § 5 annet ledd nr 6
- Utsleppsløyve vilkår 8.2
- Forurensningsforskriften § 14-11 første og fjerde ledd

Kommentarar: Systemet for driftsovervaking for pumpestasjonar er no etablert. På sjølve reinseanlegget er det ein mangel knytt til riktig prøvetaking og til effektiv oppfølging av drifta ved at vassmengdemålaren er av eldre type der ein ikkje kan logge vassføring. Det vil seie at det berre er mogleg å lese av no-verdiar, og ikkje tidlegare verdiar for vassmengde. Det er dei særlege tilhøva på dette reinseanlegget knytt til overløpet frå eit punkt etter forsedimenteringa til eit punkt føre mengdemålaren som skapar utfordringar. Dette overløpet trer i funksjon ved vassmengder større enn 67 m³ pr. time som er den hydrauliske kapasiteten for biotrinnet. I slike tilfelle vil loggefunksjon på mengdemålaren vere vesentleg for å følgje opp kor stor del av tilførsla som såleis tidvis berre har låg reinsegrad når det vert ført utanom både biotrinnet og kjemisk trinn. For å kunne følge endringane i vassføring gjennom reinseanlegget og ha eit best mogleg grunnlag for å rekne ut reinseffekt og vurdere relevante tiltak, må ein skifte ut målaren til ny type så snart som mogleg innan frist for tilbakemelding.

Som del av dette avviket følgjer at ein må utarbeide prosedyrar i internkontrollen. Dette gjeld for korleis ein skal følgje opp målaren i drifta og for vidare bruk av den informasjonen som loggefunksjonen gir, både internt og ved ekstern rapportering. Prosedyrane må sikre at ein får best mogleg kunnskap om omfanget av vassmengder som overstig 67 m³ pr. time.

Avvik 2

Krav til reinseffekt vert ikkje stetta.

Avvik frå:

- Utsleppsløyve vilkår 8.2
- Forurensningsforskriften § 14-11 første og fjerde ledd

Kommentarar: Som nemnt i brev frå oss 24.04.2018 i tilbakemeldinga til eigenkontrollrapport for Seljord avløpsanlegg for driftsåret 2017, har det vore avvik frå krava til reinseffekt for fosfor i rapporteringsåret. Kommunen må melde tilbake til oss om korleis ein vil følgje dette opp. Sjå også avvik 1 med omsyn til riktig overløpsmengde for slike berekningar av reinseffekt.

Avvik 3

Internkontrollen har manglar.

Avvik frå:

- Internkontrollforskriften § 5 annet ledd nr 6

Kommentarar: Avviket gjeld manglande miljørisikoanalyse med omsyn til hendingar på avløpsanlegget, dvs. leidningsnett og reinseanlegg, ved innlekk på avløpsanlegget og ved flaumsituasjonar i vassdrag inkludert høg vasstand i Seljordsvatnet. Kommunen må identifisere problemområda med innlekk på leidningsnettet, vurdere risiko og gjennomføre avbøtande tiltak. Vi syner i denne samanheng til opplysningar på tilsynet om at tilbakeslagsventilar er montert på to pumpestasjonar, og at dei som framleis manglar tilbakeslagsventil, no vert fulgt opp.

Kommunen må elles følgje opp andre naudsynte tiltak gjennom VA-plan, og vi noterer oss at arbeidet med denne VA-planen er starta opp. Det vart opplyst at utkast kan ligge føre sumaren 2018.

Vi noterer oss vidare at kommunen no har eit bra utgangspunkt for arbeidet i det oppdaterte leidningsnettkart som no ligg føre. Vi minner om at kommunen pliktar å gjere eventuelle openberre aktuelle tiltak straks og utan at dei vert forsinka unødig gjennom ein prosess med utarbeiding av VA-plan.

7. Merknader:

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1

Det er trong for tiltak for å sikre at det ikkje vert slept ut plastelement/biofilmmedie frå biotrinnet ved drifta av reinseanlegget.

Kommentarar:

Det er montert rist/sil på nokre punkt mellom dei ulike bassenga/prosessane i reinseanlegget, men ikkje på alle. Ved feil bruk av ventiler ved styring/bypass av biotrinnet, kan plastelementa/biofilmmedie komme ut av reinseanlegget i spesielle tilfelle via utsleppspunkt utan rist/sil.

8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) med tilhøyrande føresegner.
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Fylkesmannen
- Pålegg/vedtak i korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen

9. Informasjon til verksemda

Brosjyrer/infoark utdelt:

- Norsk Vann rapport 197/2013 - Avløpsanlegg - vurdering av risiko for ytre miljø.